



Alver kommune
Att: Line Thuen Waage
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Alver kommune - Høring av utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver 2022-2034 - Uttale

Vi viser til motteke brev om ovannemde sak, samt vår uttale til varsel om oppstart av planen dagsett 02.06.20.

Planprosess og medverknad

Hausten 2020 vedtok formannskapet planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette er Alver kommune sin første samfunnsdel, etter samanslåing av kommunane Lindås, Radøy og Meland.

I oppstartsmeldinga hadde kommunen ein klar strategi for korleis de skulle sikre medverknad frå innbyggjarar og andre aktørar og korleis planprosessen skulle gjennomførast. Frå september 2020 til mars 2021 gjennomførte kommunen ein medverknadsprosess som inkluderte møter og samtaler med innbyggjarar, næringsliv, råd, politikarar, barn, unge og tilsette i kommunen.

Vårt inntrykk er at kommunen har følgd den planlagde prosessen, og at dei har oppnådd den medverknaden de ønskte. Fiskeridirektoratet region Vest ser positivt på at kommunen har inkludert og lytta til fleire interessentar.

Generelt om planprogrammet

I uttalen vår til varsel om planoppstart kommenterte vi at vi generelt ønsker at fiskeri- og akvakulturnæringa får ei eiga omtale i samfunnsdelen til kommunar som allereie har ein viss aktivitet innanfor området, eller som ønsker å oppretthalde, vidareutvikle, satse på og tilretteleggje for fiskeri- og akvakultur. Alver kommune har over 20 oppdrettslokalitetar og ein stor fiskerinæring, og vi meiner ein eiga omtale ville vore naturleg.

Det er positivt at kommunen har teke med berekraftsmål nr. 14 «Liv under vatn» under temaet «Næringsutvikling». Kommunen har inkludert akvakultur/havbruksnæring som tema dei skal sjå nærare på i samfunnsdelen.

Under tema «Grøn omstilling» er det ikkje gjort nokon endringar. Vi oppmodar kommunen til å tenkje på marint biologisk mangfald og viktige fiskeri- og akvakulturinteresser når de skal

planleggje for utbygging i strandsona og andre tiltak i kystnære strok og sjø slik at ein unngår konflikhtar.

Interkommunal plan

Alver er ein av åtte kommunar som er med i prosessen med å utvikle ein interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Denne planen legg føringar for arbeidet med arealplanar i dei enkelte kommunane. Vi føresett at Alver kommune innarbeider dette i det vidare planarbeidet.

Fiskeridirektoratet region Vest ber om å få tilsendt vedteken plan. For spørsmål knytt til vår uttale kan de ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

BERGEN

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

Mattilsynet

Felles postmottak

2381

BRUMUNDDAL

Postboks 383

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

